

Slik lagar du spelkort



1. **Skriv ut** to eksemplarer av PDF-fila med bilete. Du kan velje om du tar med teksten under bileta – side 1 har tekst og linjer til å klippe langs, medan side 2 kun har bileta dersom ein heller ynskjer det.

2. **Klipp ut** alle bileta.

3. **Lim:** Det kan vera lurt å lima bileta fast på kartong eller farga papir slik at baksida er lik. Eg brukte kvadratiske post-it-lappar, då det sparte meg for mykje klipping.

4. **Laminer:** Når du har klippa ut alle firkantane med bilete på framsida og lik baksida, kan det vera lurt å laminera dei. Då held dei lengre. Legg dei med mellomrom i lamineringsarket, slik at det er plass til å klippe ut korta.

Nokre lamineringsmaskinar klarar å laminera tett sjølv om du ikkje har mellomrom mellom spelkorta. Prøv deg fram med lamineringsmaskina di.

Dersom du vel å hoppa over trinn 4, er det anbefalt å lima veldig godt, og bruka nokså solid kartong.

Ynskjer du ikkje å lima og laminera, har eg med hell skrive direkte ut på tjukkare papir som kan brukast direkte som spelkort.

5. **Klipp ut** alle korta, og det er klart til å spele. Sjå spelereglar.

